



Arkoconsult As  
Postboks 103  
5291 VALESTRANDSFOSSEN

Referanser:

Dykkar: 5131dd99-1960-407c-bef1-  
de461809dbda

Vår: 22/1358 - 22/56507

Saksbehandlar:

Irene Wilhelmsen

irene.wilhelmsen@alver.kommune.no

Dato:

12.07.2022

## Løyve til ny avkjørsel - KV 1011 til eiendommen gbnr 108/138 Lindås

Saka gjeldt søknad om tillatelse for nytt avkjøringsløyve til kommunal veg for gbnr 108/138 datert 06.07.2022.

### Saksutgreiing:

#### Informasjon om saka:

Det er søkt om ny felles avkjørsle for tomannsbustad på eigedom 108/138 med tilkomst via kv1011 .

Eigedomen er regulert til bustad i eldre reguleringsplan for Kolås I, planID 1263-08061972.

Tidlegare søknad om avkjøringsløyve vart avslått med bakgrunn i situasjonsplan med 2 avkjørslar inn på eigedomen. Ny søknad er sendt inn der avkjørslene er samla slik det var etterspurt i avslaget.

#### Vurdering/drøfting:

Reguleringsplanen er frå 1971 og vegen er regulert som offentleg gangveg og er etablert svært smal. Gangforbindelse med samanhengande gangveg til Svehaugane for vidareføring mot Kolåsvegen og friområde er ved dagens situasjon ikkje etablert. Vegens eigedomsgrense ligg heilt i vegkanten og nokre stader ligg vegen inne på privat eigedomm.

Det er dårleg snuareal for beredskaps- og vedlikehaldskøyretøy langs og i enden av vegen. Snuareala framstår i tillegg som del av private eigedomar. Dagens fokus for gangveg er at ingen eller svært få bustader skal ha tilkomst via gangvegar. Det er allereie 6 eigedommar med tilkomst via denne vegen i dag.

Gangvegar kan ha tilkomst til bustad, men då skal forholda på staden vurderast særskilt i kvart enkelt tilfelle. I tillegg til at vegen er smal og uoversiktlig ligg tomta midt i ein sving. Dette er eit etablert bustadområde og den smale vegen og dei dårlege forhold langs vegen med dårleg snuareal, kan gi utfordringar med tanke på anleggstrafikk i byggefasen. Vegen er i tillegg i svært dårleg stand og det er usikkert om den vil tåle anleggstrafikk.

Kv1011 får nytt asfaltdekke sommar 2022. Dersom det i anleggs-/byggefasen oppstår skader på dekke, må reparasjonar kostast av utførande. Beltegåande maskiner skal takast inn på tomta direkte frå Kolåsvegen. Eigedomsgrensa mot Kolåsvegen ligg i fortauskant. Det har vore hekk planta så tett på fortauet at det har vore problem med vekst ut over fortau.

#### Samandrag/konklusjon:

#### Alver kommune

Postboks 4, 5906 Frekhaug

post@alver.kommune.no

Innbyggjarservice: +47 56 37 50 00 www.alver.kommune.no

Kontonummer: 3207 29 30559

Organisasjonsnummer: 920 290 922


Avkjørsle må etablerast i samsvar med situasjonsplan 2021150A10-1 datert 04.07.2022. Løyve til ny avkjørsle for gbnr 108/138 til tomannsbustad kan bli gitt på vilkår lista opp under vedtak. Det er viktig at det ved etablering av bustad på denne tomte ikkje vert oppført for eksempel mur, beplantning eller gjerde som er til hinder for ferdsel på fortauet langs Kolåsvegen. Det må vere sett av areal til snøopplag langs dette fortauet før slike tiltak etablerast langs fortau.

#### Vedtak:

Alver kommune gjev løyve til søknad om avkjøringsløyve frå kommunal veg kv1011, Grønfjellet, for eigedom 108/138 med heimel i veglova §§ 40 til 43.

Løyvet er gjeve på følgjande vilkår:

- Avkjørsle er godkjent i samsvar med oppdatert situasjonsplan med teikningsnr. 2021150A10-1 datert 04.07.2022.
- Avkjørsle skal være opparbeida slik at den tilfredsstillar tekniske krav til avkjørsle som er fastsett av vegdirektoratet i forskrift av 1964 om «alminnelige regler om bygging og vedlikehold av avkjørsle fra offentlig veg», Veglova §§ 40-43, samt vegnormal N100. Det vert blant anna sett krav til geometrisk utforming av avkjørsle, sikt, svingradius, drenering under avkjørsle og at ein skal kunne snu på eigen grunn.
- Siktsona kan ikkje nyttast til parkering eller hensetting av sikthindringar som er høgare enn 0,5m over kommunalt vegnivå. Siktsona skal til ein kvar tid haldast vedlike av eigar/brukarane av avkjørsla.
- Nytt asfaltdekke KV1011 sommar 2022. Eventuelle skader som oppstår i anleggs-/byggfasen skal reparerast og kostast av utførande i samråd med Alver kommune.



Utfyllande informasjon om krava til sikt og utforming av avkjørsle er å finne på kommunen si heimeside:

[www.alver.kommune.no](http://www.alver.kommune.no)

Vedtaket gjeld avkjøringsløyve. Tiltaket kan vere søknadspliktig og skal då handsamast av byggesak.

#### Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentlig forvaltning (fvl) jf. veglova § 11. Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunnjævast. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

#### Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegasjonsreglement

#### Bortfall av løyve

Er arbeidet med avkjørsla ikkje sett i gang innan 3 år etter at løyvet er gitt, fell løyvet bort, jf. veglova § 40 4.ledd.

Med helsing

Alver kommune Samferdsel, veg-, vatn- avløp-  
forvaltning

Ole Kristian Rolland  
Avdelingsleiar drift og vedlikehald

Irene Wilhelmsen  
Ingeniør

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Mottakarar:**  
Arkoconsult As

Postboks 103 5291

VALESTRANDSFOS  
SEN